



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

# KYRKJEBLADE

FOR KVAM

NR. 3/4 • DESEMBER 2020  
81. ÅRGANG

## FRAMSIDA



Marit  
Singelstad

Biletet på framsida er laga av Marit Singelstad, Norheimsund. Me takkar for at me kan nytta det!

Marit Singelstad fortel om teknikken fraktalkunst som er nytta:

«Dette er eit eige felt innan digital grafikk. Eg brukar ei spesiell programvare, Chaotica, til å laga desse hologramaktige universa. Dei består av vektorbaserte linjer som fortset i det uendelege. Fraktalar finst i naturen. Nordlyset består av fraktaler. Og du ser dei i lyset langs kysten, der himmel og hav møtest.

Kort fortalt er ein fraktal ei visuell framstilling av ei kompleks, matematisk likning. Det som fasinerar meg mest med denne type bilet-kunst, er lyset.

Du kan sjå fleire eksempel og lesa meir om dette på heimesida mi, [www.singelstad.no](http://www.singelstad.no)”



### Kyrkjeblad for Kvam

#### Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

#### Ansvarleg redaktør:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no, 477 56 440

#### Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

#### Trykk:

HBO Nova Print AS

#### Kontingent:

Friviljug

#### Annonsar:

Kontakt redaksjonen

#### Bankkontonummer:

3530 007 06922 for kontingentar og gåver

#### Opplag:

4000 pr. nummer. Fire nummer i året.

#### Tips til stoff/stoff:

Kontakt redaksjonen

## LEIAR

# Eit ord er eit under

Lars Arne Vik

Redaktør



Noko av det forunderlege med å vera menneske er at me ikkje alltid veit når eit smil til og i frå er den store skilnaden på djup glede og stor fortviling. Fleire kan sei: Det at fru Olsen stoppa opp og småsnakka med meg, redda meg. Kva ho sa, hadde mindre å seia, men det at eit menneske stoppa opp, og såg meg, hadde alt å seia.

Me veit ikkje når våre smil, eller manglande smil, får alt eller ingenting å seia. Vår oppgåve er å følgja den gylne regelen barnet i krubba i Betlehem lærte oss. Som voksen mann sa han i si store bergpreike: Alt du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei.

Denne jula, i det året koronaen kom til Noreg, gjer me vel i å tenkja over den gylne regelen. Eit spørsmål til å grunna over, ut frå den gylne regelen, er dette: Korleis vil eg at andre skal sjå meg? Korleis vil eg sjå andre? Me veit at dei som er einsame, lett kan verta endå

meir einsame, når landet er nedstengt og me kan ha minimal kontakt.

I staden for å tenkja på korleis det kunne ha vore utan korona, må me øva oss i å sjå det store i det små, i det me trass alt kan gjera og vera, i det me kan dela og ta imot. Eit ord er eit under, står det i diktet. For: Ord kan gjera underverk i ein telefonsamtale, i ein sms, som ein snap, med porto på, på julebaksten på nabodøra eller i julebrevet, for å nemna noko.

I jula minnest me at Ordet og vart menneske. Lat oss som menneske denne julen nytta orda våre til å setja mot i kvarandre og ta imot det våre medmenneske vil gje oss.

Thi, det er ved å gi at man får, sa Franz av Assisi.

God jul! Eit ord er eit under!



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

#### Telefon:

474 83 120

#### E-post:

post.kvam@kyrkja.no

#### Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,  
Kyrkjev. 40, Norheimsund

#### Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

**Informasjon om våre tenester, kontakt-informasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kvam.kyrkjer.net](http://www.kvam.kyrkjer.net)

#### Facebook:

Den norske kyrkja i Kvam

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einskilde sokneråd.**

#### Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme, rs466@kyrkja.no,  
970 37 737

#### Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no, 477 56 440

#### Kyrkjeverja i Kvam:

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland,  
se934@kyrkja.no, 41400035

#### Rådsleiarar

#### Strandebarm sokn:

Olav Per Tombre, olav@tombr.no

#### Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim,  
ingvill.sørheim@framnes.vgs.no

#### Øystese sokn:

Oddvar Ulltang, oddvar@ulltang.net

#### Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim,  
ragnhild.nordheim@gmail.com

#### Kvam kyrkjelege fellesråd:

Olav Per Tombre, olav@tombr.no

#### Organisasjonsnummer

**Kvam kyrkjelege fellesråd:**  
976 995 082



# JULEFEIRING

I KYRKJA!

## JULAFTAN

### Julaftangudstenester

Ålvik kyrkje kl 14.30

Øystese kyrkje kl 13.00, 14.30 og kl.16.00

Norheimsund kyrkje kl 13.00, 14.30 og 16.30

Strandebarm kyrkje kl 16.30



## JULEDAG

### Høgtidsgudsteneste

Norheimsund kyrkje kl 12.00



## 27. DESEMBER

### Romjulsgudsteneste

Øystese kyrkje kl 11.00



## NYTTÅRSAFTAN

### Minnegudsteneste

Strandebarm kyrkje kl 16.00

### Nyttårsaftangudsteneste

Norheimsund kyrkje kl 18.00



**Det vert høve til påmelding.** Det kan koma endringar.

Meir informasjon finn du i gudstenesteannonser i HF, på [www.kvam.kyrkjer.net](http://www.kvam.kyrkjer.net) eller på facebooksida til Den norske kyrkja i Kvam

**Hugs**  
nettsidene våre:  
[www.kvam.kyrkjer.net](http://www.kvam.kyrkjer.net)  
 Den norske kyrkja i Kvam



## Mi salme

Trond Steinstø



### Nordnorsk julesalme

Når eg skal velga min julesong i dag, blandt så mange fine, så blir det Trygve Hoff sin Nordnorsk julesalme.

Denne songen har ein tekst og melodi som senkar skuldrene. Eg kjenner meg igjen i den og finn roen, det blir stille når den blir framført. Salmen får tankane til å gå tilbake og framover i tida vår.

Velsigna du dag over fjordan,  
velsigna du lys over land.  
Velsigna de evige ordan,  
om håp og ei utrakt hand.  
Verg dette lille du gav oss,  
den dagen du fløtta oss hit.  
Så vi kjenne du aldri vil la oss  
forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa,  
men hadde så sterkt ei tru.  
Og ett har vi visserlig sanna:  
vi e hardhausa vi som du.  
Nu har vi den hardaste ria,  
vi slit med å karre oss frem  
mot lyset og adventsti'a  
d'e langt sør til Betlehem.

Gud fred over fjellet og åsen,  
la det gro der vi bygge og bor.  
Guds fred over dyran på båsen  
og ei frossen og karrig jord!  
Du ser oss i mørketids-landet.  
Du signe med evige ord  
husan og fjellet og vannet  
og folket som leve her nord.

T & M TRYGVE HOFF 1985  
TEKSTEN ER HENTA FRÅ NORSK SALMEBOK

# Glimt frå hausten




## Jazzkonsert

4. november var det jazzkonsert i Ålvik kyrkje i regi av soknerådet med bassist Ole Amund Gjersvik og pianist Tore Hegdahl, til stor glede for alle frammøtte.  
Foto: LAV



## Hausttakkefest

Øystese bygdekvinnelag er trufaste, dei stiller opp år etter år og pyntar kyrkja til hausttakkefest! Me takkar! Foto: LAV



## Vedlikehald av orgel

Våre flotte, store instrument treng ettersyn, og i november var mellom anna Raphael Nelkel (biletet) fra Ryde og Berg i Fredrikstad og tok seg av orgelet i Norheimsund kyrkje. Foto: LAV

# NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland

Kyrkjeverje



Eg må først og fremst få si eg er takknemleg for å få lov å «flytte inn» på kyrkjeverjekontoret. Jobben som kyrkjeverje er kjekk og allsidig, den er givande og krevjande, og gjer meg ein moglegheit til å bruke erfaringar eg har tileigna meg gjennom heile livet.

Det som aleine tek mest tid og krev mest fokus denne hausten, er så lite at me ikkje ser det, og lagar så store konsekvensar for oss, at me nesten ikkje kjenner igjen verda frå i fjor haust til no, nemleg koronaviruset.

Me lev i dag i eit samfunn med mange restriksjonar, og med restriksjonar som stadig endrar seg. Der me før kanskje la ein plan B, legg me no både plan C og D i

tillegg. Alle invitasjonar er med forbehold om at reglane ikkje endrar seg, og me fyljer med, så me til ei kvar tid oppdaterte på dei gjeldande reglane.

Kva har dette å seia for deg og kyrkja?

Me i kyrkja ynskjer å gje deg moglegheit til å gå til gudsteneste. Me ynskjer at du skal få døype ungane dine, gifte deg, vere konfirmant, og når den dagen kjem skal du få ei verdig gravferd. Me gjere alt me kan, for at du skal få eit så godt og verdig tilbod, til tross for koronapandemien og innanfor koronareglane.

I haust har me delt gudstenester når det har vore naudsint. Konfirmasjonsgudstenester og gudstenester med utdeling av

4-årsbok har vorte delt. Me har hatt fleire gravferder frå Norheimsund kyrkje, og frå andre sokn enn Vikøy, for å få plass til flest mogleg i gravferdene.

Me håpar at me kan få invitera til julekonsertar og gudstenester. Målet vårt er at alle som ynskjer det, skal få gå til julegudsteneste. Det betyr kanskje at me må arrangera fleire gudstenester på julafstan, og det betyr kanskje at du må melde deg på julegudstenesta. Me skal halde deg oppdatert på heimesida vår, på Facebook og i avisar.

Eg ynskjer alle  
ei god advents- og julehøgtid!



## Tidleg krøkast

Kateket Mampion Andriamandimby og den yngste gutten Nathaniel Andrianaivo på arbeid i Norheimsund kyrkje. Foto: LAV



## Fireårsbok

Dette året var søndagsskulelærar Kari furnes Aalvik med på førsamlingane for fireåringane både i Øystese kyrkje og i Ålvik kyrkje. På biletene ser me barna i Øystese som finn skatten og Kari som fortel bibelhistoren ved hjelp av den gode, gamle flanellografen i Ålvik kyrkje. Foto: LAV





Dagen over alle dagar! Høgtidelege born berande det norske flagget mellom seg gjennom Grove ettermiddagen 7. mai 1945, fortel Olaug Dyrkorn, som sjølv var til stades. Flaggberarar framme, frå fortauet: Turid Skaar (som skaffa oss det utslitne flagget til oldefaren stortingsmann Nils Skaar), Lasse Byrkjeland, Øystein Storli, Ove Byrkjeland, Berit Sandven og Tor Eirik Stensvand (med sykkel). Flaggberarar på kvar side: Øyvind Dale og Johannes Helleland. Flaggberarar bak flagget, frå fortauet: Randi Luth-Hanssen, Jørund Helleland, Bjørn Olav Vikør og Audun Vikør. Deretter, frå fortauet: ukjent, Astrid Dyrkorn, Tordis Sandven, Reidar Høyland, Rita Valland og Marita Sandven. Eigar av foto: Kvam herad.

# Kvemmingar i krig

**-Både dei som var med i kampane direkte, sjømenna, heimefronten, og andre, kjempa for den fridommen me kan nyta godt av i dag. Dei for tener at me minnest dei, skriv Ove-Kjell Sakshaug i denne artikkelen**

Storpolitikk-krigen var i full gang lenge før krigen braut ut. Ja, nokre meiner til og med at om dei som seinare vart kalla "vestmaktene" eller "dei allierte", ikkje hadde gått ut slik dei gjorde i forhandlingar før Tyskland angrep Polen, ville det ikkje blitt krig. Tyskland har fått skulda for å ha starta to krigar, og dei ber nok mykje av ansvaret, men på langt nær alt. Det var mykje som vart lagt til rette for dei to despotane som stod som leiarar då både første og andre verdskrigen stqarta, og som dei som vart motstandarar kunne gjort annleis. Men eit altfor sterkt ønskje om meir makt fekk for mykje makt hos for mange av dei styrande. Og som alltid elles: Dei mektige sit trygt i det lengste

medan fotfolket må gjennomføra kampane deira.

## Få melde seg

Om berre vestmaktene hadde gitt tydelege nok signal til store deler av leiinga i stridskretene i Tyskland, ville Hitler blitt fråtatt makta før annekseringa av andre land starta. Signala kom ikkje. Og militæret i Tyskland bøygde seg for tyrannen. Hitler og Stalin hadde då gjort seg ein avtale om korleis Europa skulle delast dei imellom når krigen var vunnen. Og Russland ville ha store delar av Finland, og trudde dei lett skulle ta det dei ville ha der. Folk i grannelanda til Finland ville gjerne støtta vesle Finland, og melde seg som frivillige.

Det vart snakka høgt og mykje også i Kvam om motstand mot Russland, men få melde seg. For tre år sidan kom det ut ei bok som fortel om Lars Rosseland og hans innsats både i Vinterkrigen i Finland og i kampen mot nazistane både heime og

ute. Han var ein av dei svært få frivillige frå våre område.

## Båt til Granvin

Då Lars Rosseland kom heim i aprildagane 1940, var mange unge reist til Voss for å meldt seg til teneste. Han var berre eit par dagar for sein til å reisa saman med dei andre med båt til Granvin og vidare landevegen til Voss, så han tok i veg åleine, og kom hengde seg med i styrkane som kom i kampar med tyske tropper i Skjervet. Seinare vart dei sendt austover til Valdres, der dei hardaste kampane gjekk føre seg. Dei var med på å seinka tyskarane i framrykkingane deira, slik at Noreg vart eit av dei landa som merka seg ut i motstanden mot nazistane.

I ei dagbok frå ein av dei som reiste til Voss 8. april, siterer eg: "Me rieste heimanfrå mandag 8. april 1940. På veg innover til Eide (Granvin) med Lønningdal gjekk det godt.

“Me var nokre karar som var truande som gjekk inn i ein lugar og der hadde me det svært gilt. Me song og bad til Gud i lag.” Det vart lese frå Johannes 17 og Salme 34. “Me kjende me var i sterke hender.” Mellom songane som er nemnde, er “Navnet Jesus blekner aldri” - “Jeg vil priise min gjenløser” - “Sku mot himlen”.

“Laurdag 13. april var heile troppen oppe klokka fire. Me gjekk ut til stillingane våre. Me byttest om å gå inn i leiren og eta. Då eg var inn, traff eg han Lars Rosseland. Han hadde svensk uniform.” Så Lars hadde ikkje eingong tatt seg tid til å skifta av seg uniformen før han reiste heimanfrå.

### Meir enn eitt testamente

Torsdag 18.april var dei komne til fronten. Der var det stilt, og dei fekk sova. Først søndagen kom dei i skotveksling med fienden. Dei tok ein del tyskarar til fange. Tyskarane hadde forskansa seg på eit par gardar. Men det kosta slit: “No har me drive på i 4-5 døger og ikkje sove det grand, so i dag er me aldeles utkøyrd”, skreiv soldaten i dagboka si mandag 22.april. Torsdag 25. marsjerte dei over til eit anna dalføre, og der heldt dei på å bli omringa. I samanhend med flukta og trefningane dagen etter, skriv han: “Kompaniet var Aldeles splitta. Nokre var her og nokre der. Seinare på dagen gjekk me til ein gard lenger oppe, og om kvelden var det berre to mann som var sakna.” Ein av medsoldatane kom òg til “vår” soldat og spurde om han hadde meir enn eitt nytestamente. “Eg hadde heldigvis 3 stykke, så han fekk det beste eg hadde. Han hadde nok fått bruk for Gud no, og det var so gledeleg å høyra.”

“Tysdag 30.april: Me har i dag hatt den forferdelegaste av alle dagar i krigen.” Etter ei tid måtte dei røma stillingane sine, og i den samanheng vart oppakning og gevær kasta. Det var ikkje å tenkja på å gjera motstand. “Eg har sett no seinare at det hadde gått ei kule tvers gjennom huva mi, så i dag var eg ikkje langt ifrå døden.”

Lars Rosseland kom seg over til England, og vart med i krigen vidare. Han var lenge på Jan Mayen.

Både dei som var med i kampane direkte, sjømenna, heimefronten, og andre, kjempa for den fridommen me kan nyta godt av i dag. Dei fortener at me minnest dei.

Ove-Kjell Sakseid



Heimefrontskarar frå Kvam. Eigar av foto: Kvam herad.

### Det er ikke annet å gjøre nu

Det er ikke annet å gjøre nu  
Æn at holde ud,  
Stå vakt i mørket, men uten gru,  
Med tro på Gud.  
Her er dumpt, her er stilt, her er længsels vånde,  
Hvær står og lytter med halvkvalt ånde,-  
Her er væntetider  
Indtil omsider  
Det rødmer i luften med lyse drag:  
Det er handlingens dag!

Bjørnstjerne Bjørnson (1863) – Frå Kyrkjeblad mars -42



Vaktlag på fyksesund bru, mai 1945. Eigar av foto: Kvam herad.

# Når drømmer blir til virkelighet



Barnehagelærerutdanningen ble startet som et trekantsamarbeid mellom ECEC, NLA og Kathamndu University, forteller May Britt Aanundsen fra HimalPartner.

**Da den hollandske utsendingen Reiny de Wit startet Early Childhood Education Center (ECEC) i 2001, var det ingen som kunne fortse hva som skulle skje. 18 år senere utdannes et sted mellom 70-80 pedagoger årlig. Kompetente lærere og førskolelære reiser ut til sine lokale skoler og gir undervisningen et løft!**

HimalPartners samarbeid med ECEC startet omkring 2003, da May Britt Aanundsen var utsending i Nepal. Hun kom

på eget initiativ i kontakt med ECEC og bidro i starten som frivillig i undervisning og med veiledning på besøk i førskoler. Da hun senere kom tilbake til Nepal i årene 2006-2009 var hun utlånt fra HimalPartner til ECEC og hun var da involvert i prosjektkoordineringen. Dette gjaldt den ettårige barnehagelærerutdanning, men hun bidro også inn i prosjektet med utdanning og materiell til førskolesentre på landsbygda.

-Den ettårige barnehagelærerutdanningen ble startet som et trekantsamarbeid

mellom ECEC, NLA (Norsk Lærerakade-  
mi) i Bergen og Kathmandu University,  
sier hun. HimalPartner bidro i denne sammenheng med å knytte kontakter mot  
NLA og bistå med midler fra Digni.

## Startet foreldreveiledning

Etter hvert reiste May Britt hjem igjen og fortsatte i arbeidet som leder for en barnehage for nyankomne flyktningers barn i Kristiansand. Kontakten med ECEC og Nepal var fortsatt der, og i 2009 reiste Pitambar Neupane (leder ECEC) på prosjektbesøk til barnehagen. En av de ansat-

te snakket varmt om foreldreveiledningen som ble praktisert i barnehagen. Pitambar søkte informasjon på ICDP International sine nettsider og kom i kontakt med en av trenerne i Norge, Hilde Tørnes. Deretter kom Ingeborg Egebjerg i 2011 på besøk innom ECEC og interessen ble igjen vekket.

Det var imidlertid først da HimalPartner sin generalsekretær Heidi Westborg Steel sammen med Eli Maridal i 2012 var på besøk og kom i dialog med ECEC om ICDP, at planer om et program begynte å konkretisere seg. Heidi knyttet deretter kontakt med internasjonal ICDP trener og psykolog Helen Johnsen Christie. Helen var interessert i og villig til å tilby sin tid og kompetanse ved å gå inn i et samarbeid rundt dette og May Britt ble koblet på som HimalPartner sin kontaktperson og binedelegg til ECEC. Helen koblet sitt nettverk av flere internasjonale ICDP trener på programmet i Nepal.

#### **Endrer fokus i takt med tiden**

Målet for grunnleggeren, Reiny, og resten av de som har bygd opp ECEC, har hele tiden vært at det en gang skal kunne bære seg selv økonomisk. ECEC skal også ha



Førskolelærere i aktivitet på Early Childhood Education Center (ECEC) i Nepal.

nepalsk ledelse og stab. Den prosessen er godt i gang og det er derfor naturlig at HimalPartner trekker seg ut av noen av prosjektene. Vi ser likevel etter samarbeidsmuligheter på andre felt og fortsetter å jobbe tett på ECEC.

23. October 2020|Line Konstali

Alle foto:

Early Childhood Education Centre

Hentet fra [www.himalpartner.no](http://www.himalpartner.no)



**Målet er at ECEC skal bære seg selv økonomisk, og at HimalPartner kan trekke seg ut av prosjektet.**

# KYRKJEKVELD

i Ålvik kyrkje

onsdag 27.01.21 kl 19.00



Den internasjonale holocaust-dagen vert markert.

Tale av informasjonssjef i Den norske Helsingfors-komiteen Emil Andre Erstad.

Organist Sevi Asgarova Øvrehus spelar musikk laga til markeringa av folkemordet i Aserbajdsjan.

Kveldsbøn v/spr Lars Arne Vik.

Fakkeltog til dei tre snublesteinane på torget.

Arr: Ålvik sokneråd



## Kyrkjetreff

i Ålvik kyrkje  
våren 2021

om lag første tysdag i månaden  
kl 16.00-17.45

### 2. FEBRUAR

Program ved kateket  
Mampion Andriamandimby

### 9. MARS

Program ved Ida Lindøe  
og organist Margrete Lid Kjosås

### 6. APRIL

Program v/spr Lars Arne Vik

Vel møtt til fellesskap i kyrkja!

Arr: Ålvik kyrkjelyd

## Kyrkjeklubb

i Norheimsund kyrkje  
kl 17.30-19.00

også for menneske med nedsett  
funksjonsevne

28. januar

25. februar

25. mars:

Klubben vert med på konsert  
med ungdomskoret

29. april

27. mai

24. juni

Det vert andakt, song,  
fellesskap og kveldsmat

Arr: Sokneråda i Kvam



### JUBILANT MED GODT MINNE

Ein 90-åring feira stort.

Mange var samla, og under matøk-  
ta reiste 90-åringen seg og heldt tale:  
«Eg hugsar godt då eg var 80 år:

då sat vi ute i hagen, sola varma, nydeleg  
mat og drikke. Ja, det var så varmt at vi  
kunne kasta trøya!»

Då reiste kona seg og avbraut man-  
nen:

«Nei, dette stemmer ikkje, Nils! Du  
er då fødd 5 januar!»



## Musikalsk føremiddagstrekk i Øystese kyrkje våren 2021

om lag første onsdag i månaden  
kl 11.00-12.45

Song og musikk, tema, ord for dagen,  
salvestafett og enkel lunsj

### 13. JANUAR

Saksofonist Arvid Aasprang  
og spr Lars Arne Vik  
spelar julat

### 3. FEBRUAR

Trygve Bjerkheim –  
1900-talets største bedehuspoet  
v/tidl høgskulelektor  
Harald Myklebust  
Samefolkets dag vert markert

### 3. MARS

Barndomsminne frå Nes  
v/Solrun Nes

### 7. APRIL

«Krig er forakt for liv; Fred er å skape»  
Markering av 9. april 1940 i lokalmil-  
jøet v/Helga Margunn Håland

### 5. MAI

Ni frå Nepal og ti frå Tibet...  
v/Ragnhild og Tore Skeie frå  
Himalpartner

### 2. JUNI

Sommarminne frå  
solskinnsoya Madagaskar  
v/katetet Mampion Andriamandimby

Arr: Øystese sokneråd

Det vart pinleg stille i stova – skul-  
le ein le eller...?

Stilla vart snøgt avbroten då ju-  
bilanten heldt fram:

«Då må det ha vore på 70-årsda-  
gen min!»

**Arne O. Øystese**

# JULEHELSING

## frå leiarane i sokneråda



### "Smittefri telefon

No har me snart lagt bak oss eit utfordrande år på ulikt vis. Og det vert sikkert langt ut i neste år før me kan trekkja pusten og leva normalt att. Jula stundar til, og di-verre opplever mange at einsemid kjennest mest tyngjande i høgtidene. Hugs at det framleis både er lov, og trygt, å møtast, berre me ikkje er for mange og held avstand. Og telefonen og nettet er heilt smittefritt.

Eg håpar at me alle kan få ei signa fredfull og god jul. Dela klemmar til dei nærmaste, og ikkje minst; dela gode ord og tankar til alle kring oss som treng det.

**God jul; ta vare på kvarandre."**

**Olav Tombre**

Leiar av Kvam kyrkjelege fellesråd  
Leiar av Strandebarm sokneråd



### Symboliserande lenker

Då er ho her igjen, adventstida. I år er det ekstra godt å sjå at ungane gler seg til jul, og godt å sjå at mange av dei faste tinga me gjer før jul let seg gjennomföra, om enn i mindre skala enn tidlegare år.

Me gler oss til mykje. Me gler oss til å få sjå den fine julekrybba, og gler oss til å få sjå det pynta juletreet.

I adventstida er det mange som stressar med alt dei skal gjera før jul. I år vert det kanskje litt mindre stress? Kanskje du i år får tid til å reflektere over kva juletrepynten symboliserer medan du pyntar treet?

Flagga symboliserer Noreg som ein sjølvstendig nasjon, juletreet er livets tre i Edens hage, juletræfoten minner om Jesu død på korset, kristtorn symboliserer Jesu tornekrone, eple minner om syndefallet i Edens hage, stjerna i toppen er Betlehemsstjerna over stallen, glitteret minner om at vi alle er gjenskin av Kristus lys i verda, lysa symboliserer verda sine lys, englar er Guds budbringarar, kurvane minner om Jesu kjærleik til menneska, kulene er symbol på jordkloden og Guds kjærleik til jorda, fuglar symboliserer Den heilage ande og lenker symboliserer solidaritet og samhold mellom menneska.

I denne rare tida vi er i no håpar eg alle har lange lenker på juletrea i år. Kanskje du rekk å laga ei til årets juletreet?

**Ragnhild Irene Nordheim**

Leiar av Ålvik sokneråd



### Å bety noko for andre

For mange har det siste halvåret på ulikt vis vore ein berg- og dalbane. Bryllaupet blei kanskje utsett eller gravferda vart berre for nærmaste familie. Dei siste månadane har lært oss at livet og planane fort kan snu, og me må vere raske til å omstille oss. Trass i uføreseielege tider er det viktigare enn nokon gong å ta vare på kvarandre. Om ein ikkje kan gå innomhus på besøk, kan ein ta ein telefon, sende ei melding eller gå ein tur ute i frisk luft: Små «menneskelege glimt» som held motet oppe og betyr ein forskjell. God førjulstid!

*Ett er nødvendig*

*Ett er nødvendig – her  
i denne vår vanskelige verden  
av husville og heimløse:*

*Å ta bolig i seg selv*

*Gå inn i mørket  
og pusse sotet av lampen.*

*Slik at mennesker på veiene  
kan skimte lys  
i dine bebodde øyne.*

HANS BØRLI

**Ingvill Sørheim**

Leiar av Vikøy sokneråd



# Ny konfirmanlærar

**Eivind Daniel Brakvatne Røed er tilsett i eit engasjement som konfirmantlærar. Han har hovudansvaret for konfiramntane i Øystese og Alvik. Han fortel om seg sjølv:**

«Eg er 28 år, født og oppvokst i Nordfjordeid i Sogn og Fjordane. I sommar gifta eg meg og bur hovudsakleg i Bergen. Nokre dagar i veka pendlar eg til Kvam og Framnes kr vid skule, der eg har jobba sidan 2015. Eg er også trenar for Norheim-sund fotballklubb sitt A-lag, men på grunn av korona kom vi i A-laget dessverre aldri i gong med årets sesong. Det positive er at det har frigjort meir tid for meg, og er årsaken til at eg no har fått muligheten til å prøve meg som konfirmantlærar!»

Eg gler meg til å bli kjent med konfirmanpane, og har verkeleg lyst å bidra til at dei kan få bli betre kjent med Jesus! Eg har lyst å vise at det kan vere fornuftig å tru på Gud også i 2020, å vise korleis bibelen er truverdig, og at trua på Jesus kan bety uendelig mykje.»

Me er takksame for å ha fått ein ung medarbeidar og ynsjer Eivind Daniel Brakvatne Røed velkommen som tilsett i Den norske kyrkja i Kvam. (LAV)



Vår nye konfirmanlærar  
Eivind Dainel Brakvatne Røed.

## Me kan stella graver for deg

Ta gjerne kontakt med kyrkjeverje Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland, dersom du skulle ynskja våre tenester!

Ustelte graver er ikkje noko vakkert syn. I Kvam har folket ord på seg for å halda kyrkjegardane vakre og velstelte. Om våren og sommaren er det vanskeleg å finna ei stund der ein er åleine på kyrkjegarden – det er nesten alltid nokon som er ute i same ærend, med planter, vatningskanne eller gjødsel. Slik er triveleg.

Ikkje alle klarar eller har høve til å stella graver sjølve. Her kan me fra kyrkja koma deg til hjelp. Det er etterkvart eit betydeleg tal graver som me steller på vegne av pårørande – men me tek gjerne på oss fleire. Ein stellavtale kostar frå kr 1480,- til 1930,- pr år, alt etter omfang. Det er kyrkjetenarane i kvar bygd som utfører dette arbeidet på vegne av kyrkja.



-Me er klare, sa f v Monica Søstrømmen Skogvol, kyrkjetenar i Strandebarm, Franckie Mario Andrianaivo, kyrkjetenar i Vikøy sokn, Arvid Johannes Strømme som har vore vikarkyrkjetenar i Øystese, Eva Oppen, tidelegare kyrkjetenar i Alvik og Lillian Hjartåker Fosse, klokkar i Strandebarm.

# Har sine slektsrøtter i Kvam - preses og biskop Olav Fykse Tveit

- Det hadde vore veldig stas å vere på besøk der igjen – og endå til feire gudsteneste i Kvam, seier preses og biskop Olav Fykse Tveit til prost em Arne O Øystese i dette eksklusive intervjuet i Kyrkjeblad for Kvam.

- Korleis opplevde du overgangen frå stillinga som Generalsekretær i Kirkenes Verdensråd – til preses og biskop i Nidaros?

- Det er store og krevjande oppgåver, både den eg kjem frå og den eg går til, med leiaransvar på mange vis. Difor er det ein del som er likt. Men eg gler meg over å kome heim til mi eiga kyrkje, og at eg kjenner meg svært velkommen. Det er eit stort privigelgium. Overgangstida har vore spesiell på grunn av den pandemi og omkalfatringar av mangt og mykje, og mange nye utfordringar. Det var både riktig og svært meiningsfullt å kome i gang med nye oppgåver ved å få kyrkjas forbøn og vigslig til dette, og at mange har sagt at dei ber for meg og det dei skal gjere. Det set eg stor pris på.

## Mange oppgåver

- Kva blir dine viktigaste arbeidsfelt ?  
- Eg har oppgåva som preses for Bispemøtet, og leie arbeidet med å koordinere det biskopane gjer, og ta initiativ til det vi skal seie og gjere saman. Vidare er eg biskop med tilsynsansvar for Nidaros domprosti, som er ein del av Nidaros bispedømme. For det tredje er det ei oppgåve for preses å vere leiar i Den norske kyrkja, og representere henne i mange samanhengar.

## Eit mangfaldig samfunn

- I landet vårt er det idag eit religiøst mangfold. Samstundes seier Jesus: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg» (Johs 14,6). Har vi som kristne monopol på vegen til Gud?

- Vi har ei oppgåve som kyrkje og som einskilde kristne å vitne om Kristus og bringe vidare den gode bodskapen om Guds kjærleik til oss i Kristus. Under alle omstende og i alle tider. No må vi gjere det slik vi best kan der vi er sett. At andre også har kunnskap og visdom vi skal lære å kjenne og lytte til i eit mangfaldig samfunn og ei stor verd, endrar ikkje oppdraget.



Vår nye biskop og preses Olav Fykse Tveit har sine slektsrøter i Kvam.  
Foto: Den norske kyrkje.

## Konstant satsing

- Trusopplæringsreforma som vart vedteken for nokre år tilbake vart sagt å vera det aller viktigaste satsingsområde for kyrkje vår. Korleis vurderer du status så langt?

- Det er unikt for Den norske kyrkja (så vidt eg veit) å ha ein slik trusopplæringsplan og at den er offentleg finansiert. Det er gjort mykje godt arbeid for å gjennomføre satsinga på trusopplæring i kyrkja vår. Det er mykje å gjere heile tida i så måte, det kjem stadig nye generasjonar til. I den tida vi lever i, må dette vere ei konstant satsing, og ikkje berre eit prosjekt. Det trur eg også er tilfelle dei fleste stader.

## Valde nynorsk

- Dine foreldre har sine slektsrøtter på Krokatveit og på Fykse her i Kvam. Har vi her litt av svaret på at du brukar nynorsk så flittig – bl a ved innsetjingsgudstenesta i Nidarosdomen i vår?

- Eg har røter i Kvam, og eg lærte å snakke på Dale. Den dialekten – med litt harding innimellom – var vårt felles talemål heime, sjølv om eg snakka trøndersk eller halling

utanfor heimen. Som student tok eg eit val å bruke nynorsk i skrift og tale. Ingen av dialektane var lenger noko eg var heilt heime i. Og no kjenner eg meg mest heime i eit slikt «normalmål nynorsk», med ulike innslag av ord og uttrykk, stundom fra Hardanger.

## Øystese på arbeidsrommet

- Kan du tenkja deg å koma til Kvam og feira gudsteneste saman med oss?

- Det hadde vore veldig stas å vere på besøk der igjen – og endå til feire gudsteneste i Kvam. Eg har eit maleri av Øystese kyrkje på arbeidsrommet mitt. I Øystese er mor døypt, konfirmert, vigd, og far er ordinert der. Mange av mine røter er i Kvam, sjølv om eg aldri budde der. Vi hadde hytte på Kvamsskogen. Alle besteforeldre er gravlagde der, fleire av onklar og tanter også, nokon av dei i Ålvik og i Vikøy. Nokon frå min generasjon er også gravlagde i Kvam.

**Prost em Arne O Øystese**

# KONFIRMA

Grunna Korona vart konfirmasjonane utsette til hausten dette året.

Alle bileta er tekne av foto



## Ålvik

Bak frå venstre: Morten Vines, Sean Oliver Offerdal Ebert, Brage Mo Vines, Håkon Nordheim, Robin Haaheim Vågane og sokneprest Lars Arne Vik.

Framme frå venstre: Ingeborg Ystebø, Ida Torheim, Kjersti Holst og Hanna Hamre.



## Norheimsund

Bak frå venstre: Herman Dagsvik Augestad, Thomas Øyeflatlen, Teodor Græsdal Pedersen, Teodor Valland Røen, Sverre Valland Nordheim, Nils Eirik Skaar Ljones og Jardar Laupsa-Tolo.

Midten øvst frå venstre: Sokneprest Lars Arne Vik, Trym Gautepllass Skår, Kasper Snistveit-Lundervik, Eirik Dørum Lie og kateket Mampion Andriamandimby.

Midten nedst frå venstre: Astrid Sandven, Andrea Øktner-Flem, Ragne Fosso, Anne Ånes Bergesen, Tyra Holt Holene, Tuva Soldal, Sarah Vailoces Rosseland og Anna Viktoria Fonneland.

Framme frå venstre: Andrine Fanebust, Sisilja Skeistrand Garen, Astrid Aksnes, Anja Steine, Graziela Maria Skeie-Rubio, Vanja Alvsåker, Henriette Henriksen, Anna Flotve og Veslemøy Botnen.

# KANTAR 2020

Me takkar for konfirmantåret og ynskjer Guds signing over framtida.

Fotografmeister Eic Clement.



## Strandebarm

Bak frå venstre: Kateket Mampion Andriamandimby, Eirik Torvik, Olav Skare Gjerstad, Franz Sekanina, Nils Arne Augestad Norheim og sokneprest Roar Strømme.

Midten frå venstre: Håkon Torvik, Endre Økland, Emilia Heggøy Brattli, Kaja Cecilia Helland Måkestad, Marthe Eide, Trym Tørvik Sandven og Samson Oma.

Framme frå venstre: Emma Viken Espeland, Aino Kollveit, Sunniva Kjosås Riise, Amalie Eide Aase, Hanna Øygard, Susanne Steine, Celina Utskot Bråthun og Ingrid Almås Eide.



## Øystese

Bak frå venstre: Hans Vestrheim, kateket Mampion Andriamandimby, Iver Dalatun, Matas Milasauskas, Olve Tonning Madsen, Anders Botnen, Eirik Botnen, Christopher Haukaas, Isak Honningsvåg Vik, Emil Janson Sundsøy, Olai Sandven, Asgeir Saksæter Kvandal, Lars Kristian Høydal og sokneprest Lars Arne Vik.

Midten frå venstre: Hallvard Vik, Live Tonning Kjøsnes, Andrea Øktner-Flem, Malene Utskot, Malin Byrkjeland Holt, Hanne Kristin Eikeland Soldal, Elisa Valentina Luchian Nitter og Lars Stevnebø Kaale.

Framme frå venstre: Eline Bekkesletten, Pia Fagerbakke Skeie, Linn Grete Tellevik, Tuva Mæland, Monica Mai Cao Zheng, Anette Børve Steinstø, Tiril Onarheim Torvund, Linnea Stryker-Vassnes og Alexandra Isabel Håhjem.

# Gruer seg til iskald vinter

For å halda på varmen, bur små-barnsfamilien i eit lite rom i teltet. Det var ikkje framtida dei såg for seg då dei flykta frå Syria for åtte år sidan.

Av: Anette Torjusen  
Foto: João Sousa



Weedad Ahmad Al-Khalaf sit utanfor teltet til familien i den vesle landsbyen Mekseh i Bekaaalen i Libanon. Rett bak ragar fjella til heimlandet Syria, ei dagleg påminning om livet som var. Landet ho måtte flykta frå for åtte år sidan.

- Livet er veldig vanskeleg for oss og vi bekymrar oss mykje for barna våre, seier ho stille.

## Tre fødslar i flyktningeleiren

Før dei flykta til værutsatte Bekaa, med iskalde vintrar med mykje snø, budde ho i Um El Jurayn ikkje langt frå Aleppo i Syria. Krigen gjorde det farleg å bu der, så farleg at ho til slutt måtte flykta saman med ektemannen Mohammed Hassan Ibrahim og svigermoren Serie i 2012. No deler dei skjebne med 70.000 andre syriske flyktningar i dalen.

Familien på tre har vorte til seks. Tre barn er fødde i flyktningeleiren. Eldstemann Youssef vart fødd for fem år sidan, deretter kom lillebror Aus, som er tre år, og til slutt veslejenta Talia på eitt år.

Alle barna våre har vakse opp her, fortel Mohammed. Noko som fyller både han og Weedad med stor sorg.

- Dagane deira går med til leik, fotball og spel. Bortsett frå det så er det ikkje så mykje for dei å gjera her. Ikkje har dei skule her heller, eg er redd barna våre må veksa opp som analfabetar.

Vinteren er lang og kald i dalen.

- Kulda og store snømassar skaper problem for oss. Vi har ikkje råd til å dekka til teltet med isolerande vern, for det er så dyrt. Derfor blir det veldig kaldt for oss, fortel Mohammed.

For å halda seg varme, bur dei på eitt rom. - Der varmar vi opp, men i år er brensel ei mangelvare her i dalen. Prisane på brensel aukar, så det er vanskeleg å fyra, forklarer han.



Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf er bekymra for framtida til dottera Talia på eitt år. Det er ikkje noko for dei å gjera i flyktningeleiren i Bekaaalen, og dei har heile livet på vent

Frå Kirkens Nødhjelp har dei fått tilgang til reint vatn og hygienepakkar.

- Vi har runne vatn her i teltet i tillegg til at vi får hygienepakkar. Vi har også fått mykje informasjon om korleis vi kan ta vare på oss sjølv for å unngå sjukdom, seier Weedad.

Dei hadde fått både vatn og hygieneartiklar før covid-19, noko ho er veldig glad for.

- Det har vore så viktig for oss at vi har hatt tilgang til vatn og såpe. Det bruker vi jo heile tida, seier ho.

Behova er store for reint vatn og hygieneartiklar, samtidig som mange treng varme teppe som Kirkens Nødhjelp deler ut i Libanon.


Du kan vera med å hjelpe familiar i nød og gi dei tryggleik til jul. I Libanon kjempar folk mot covid-19 i tillegg til svolt, kulde og fattigdom. Eksplosjonen i Beirut har gjort fleire tusen heimlause og øydelagt mange liv. Saman kan vi gjera ein forskjell. Vi sørger for reint vatn og hygienepakkar til menneske på flukt, og hjelper dei som er ramma av eksplosjonen med varm mat og husly. Samtidig jobbar vi på spreng for å forhindra spreieing av covid-19.

## SLIK GIR DU

årets viktigaste julegave:

- Vipps eit valfritt utgjorde til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248

Kirkens Nødhjelp er norske forsamlingsars eigen humanitære organisasjon, og har jobba i Libanon sidan 2013. Der jobbar vi med vatn, sanitær, hygiene og kjønnsbasert vald. På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ein massetilstrømming av flyktningar. Storleiken på flyktningpopulasjonen har ført til ein auke av befolkninga i landet på 25 prosent og eit enormt press på infrastruktur som vatn, fast avfall og elektrisitet og dessutan tilgjengelege offentlege tenester, særleg i helse- og utdanningssektorane. Ifølgje Lebanon Crisis Response Plan (LCRP) 2019 manglar 3 208 800 tilgang på trygt vatn. Dette kan føra til alvorlege helserisikoar og eksponering for sjukdom, særleg under overbefolkede leveforhold som enkle teltbusetjingar og husrom av dårlig kvalitet.



# Velkommen til gudsteneste!

## 6. DESEMBER

Strandebarm kyrkje kl. 11  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Dåp og nattverd.  
  
Øystese kyrkje kl. 19  
Lysmesse  
Sokneprest Lars Arne Vik og konfirmantane.  
Musikk ved konfirmantar.

## 13. DESEMBER

Norheimsund kyrkje kl. 11  
Sokneprest Roar Strømme.  
Dåp og nattverd. Song av barnekoret Shine.  
Heim's musikklag tek del.  
Sundagsskulen har Lucia-fest.

Strandebarm kyrkje kl. 17  
Lysmesse  
Sokneprest Roar Strømme og konfirmantane.

## JULAFTAN, 24. DESEMBER

Øystese kyrkje kl. 13.00 og 14.30  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
  
Ålvik kyrkje kl. 14.30  
Prestevikar Marna Roer  
  
Norheimsund kyrkje kl. 13.00 og 14.30  
Sokneprest Roar Strømme.

Øystese kyrkje kl. 16.00  
Sokneprest Lars Arne Vik.

Norheimsund kyrkje kl. 16.30  
Prost em Arne O Øystese.

Strandebarm kyrkje kl. 16.30  
Sokneprest Roar Strømme.

## JULEDAG, 25. DESEMBER

Norheimsund kyrkje kl. 12  
Felles høgtidsgudsteneste  
Sokneprestane Roar Strømme og Lars Arne Vik.

## 27. DESEMBER

Øystese kyrkje kl. 11  
Romjulgudsteneste  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Dåp og nattverd.

## NYTTÅRSAFTAN,

31. DESEMBER

Strandebarm kyrkje kl. 16  
Minnegudsteneste  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
  
Norheimsund kyrkje kl. 18  
Prest Audun Aase.

## 3. JANUAR

Norheimsund kyrkje kl. 11.00  
Sokneprest Roar Strømme.  
Dåp og nattverd.

## 10. JANUAR

Strandebarm kyrkje kl. 11  
Sokneprest Roar Strømme.  
Nattverd.

## 17. JANUAR

Ålvik kyrkje kl. 11  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Nattverd.

Norheimsund kyrkje kl. 11  
Sokneprest Roar Strømme.  
Nattverd.

## 24. JANUAR

Øystese kyrkje kl. 11  
Sokneprest Roar Strømme.  
Dåp.

Strandebarm kyrkje kl. 11  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Nattverd.

## 31. JANUAR

Norheimsund kyrkje kl. 11  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Nattverd.

## 7. FEBRUAR

Strandebarm kyrkje kl. 11  
Sokneprest Roar Strømme.  
Nattverd.

Øystese kyrkje kl. 19

Sokneprest Roar Strømme.  
Nattverd.

## 14. FEBRUAR

Sjusete i Øystese kl. 11  
Felles skigudsteneste  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Samarbeid mellom Øystese og Vikøy sokneråd og Øystese og Norheimsund indremisjon.

Ålvik kyrkje kl. 11

LysVaken-gudsteneste  
Sokneprest Roar Strømme.

Norheimsund kyrkje kl. 16  
Sokneprest Roar Strømme.  
Musikk ved Heim's musikklag.  
Nattverd.

## 17. FEBRUAR

Vikøy kyrkje kl. 19  
Askeonsdag  
Sokneprest Roar Strømme.

## 21. FEBRUAR

Strandebarm kyrkje kl. 11  
Sokneprest Roar Strømme.  
Nattverd.

Øystese kyrkje kl. 11  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Nattverd.

## 28. FEBRUAR

Norheimsund kyrkje kl. 11  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Nattverd.

Ålvik kyrkje kl. 17  
Sokneprest Lars Arne Vik.  
Nattverd.



## 7. MARS

Strandebarm kyrkje kl. 11  
Sokneprest Roar Strømme.  
Nattverd.

Øystese kyrkje kl. 19

Sokneprest Roar Strømme.  
Nattverd.

NB! Det kan koma endringar.  
Sjá lysing i HF!



**Støtt annonsørane våre -  
dei støttar oss**

*Ynskjer du ei velstelt grav heile året?*

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.  
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.  
*For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rask  
v/Arvid Strømme tlf. 99597848.*

**HB HARDANGER BYGGSENTER**

[www.hardangerbyggcenter.no](http://www.hardangerbyggcenter.no)

**BYGGtorget MESTERHUS**  
- det blir som avtaft



c)optikk®

Bjelland

**Briller - kontaktlinser - ur**

[www.optikar-bjelland.no](http://www.optikar-bjelland.no) tlf.: 56 55 20 50

Byggmeister  
**PER AUGESTAD A/S**  
Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910  
Epost: [per@peraugestad.no](mailto:per@peraugestad.no) heimeside: [www.peraugestad.no](http://www.peraugestad.no)

**MESTERHUS**  
[www.mesterhus.no](http://www.mesterhus.no)

**KLEPPE**  
HARDANGER NORGE

**KVAM** KRAFTVERK

**Til deg! For deg!**

**SparebankenVest**

- satsar på vestlandet

[www.spv.no](http://www.spv.no) | Tlf. 05555

**VI TRENGER FRIVILLIGE.**

Les mer og meld din interesse på  
**kirkens-sos.no**



**KIRKEN SOS**

**TRUSOPPLÆRING**

**Vipps**

Gåve eller påmelding til  
trusopplæringa kan du  
no sende på Vipps

**583498**

# Frå vogge til grav



## Døypte

...lat i ditt namn då opp  
dei stål! Og hald dei fast så  
ei dei falla, men halda fram  
og målet nå.

### Ålvik sokn:

Aksel Rykkje Prestegård

### Øystese sokn:


Johannes Børve Kvittingen  
Joar Børve Byrkjeland  
Jacob Tjosaa de Boer  
Linnea Hollekve  
Ingeborg Sundal-Seljebotn  
Tilde Rykken  
Madelen Vikør Brattabø  
Johanna Haugehåtvit  
Isak Sandven Åsnes

### Vikøy sokn:

Levi Korshavn Vikesdal  
Levi Eide  
Anni Storaas Angelshaug  
Isabell Sekse Strømmen  
Sondre Skeie Kjørlaug  
Ingrid Sande Mathiassen  
Eli Sandven Vikør  
Mari Nedrebø Stue – Lykling kyrkje  
Mynte Nygård  
Vilde Rykkje  
Anna Træbakken  
Evina Berge Byrkjeland  
Eivor Straumstein Aksnes

### Strandebarm sokn:

Brage Alme Djupesland  
Tilja Gjerde Riise  
Gard Eknes  
Ingrid Lie Skare  
Amelia Sandvik Birkenes  
Ludvik Bakkely Fugleberg  
Magnus Lutro Gjerde  
Mathea Berge Johansen



## Avlidne

Lær oss å telja våre dagar,  
så me kan få visdom i  
hjarta.

### Ålvik sokn:

Tore Solvi (f.1942), gravlagd i Granvin  
Johanna Flaget (f.1928)  
Ingvard S. Aalvik (f.1931)  
Svein Arne Ludvigsen (f.1954)

### Øystese sokn:

Margit Alvsaker (f.1938)  
Sjurd Torpe (f.1940)  
Tordis Marie Aalvik (f.1927)  
Ingar Børve (f.1937)  
Margunn Norheim (f.1938)  
Olaf Kvamsøy (f.1933)  
Johnny Neteland (f.1955)  
Hjørdis Braseth (f.1921)  
Ingvar Melstveit (f.1934)  
Solveig Oda Gundersen (f.1933)  
Valborg Gjøsæter (f.1927)  
Alf Storaas (f.1960)  
Sigvard Rykkje (f.1928)

### Vikøy sokn:

Kirsten Sjøflat (f.1934)  
Else Mathilde Steine (f.1931)  
Målfrid Skeie (f.1929)  
Marit Skeie Steine (f.1948)  
Hans Dalland Naterstad (f.1928)  
Knut Helland (f.1941)  
Åsta Rosseland (f.1937)  
Arne Valland (f.1948)  
Malena Skeie (f.1930)  
Synneva Mo (f.1917)  
Rune Aarekol (f.1957)  
Ivar Samlanes (f.1925)  
Berit Pauline Vangdal (f.1933)  
Arvid Inge Lyngbø (f.1946)

### Strandebarm sokn:

Alvin Maurice Tangerås (f.1929)  
Helga J. Oma (f.1934)  
Edit Moen (f.1927)  
Bergliot Birkenes (f.1923)  
Målfrid Skogasel (f.1936)  
Grete Helene Bjerke (f.1933)

*Dei tilsette i Den norske kyrkja i Kvam  
ynskjer alle ei velsignna julehøgtid!*



Avsendar:  
Kyrkjeald for Kvam  
Postboks 39  
5601 Norheimsund

JULEANDAKT:

## KVA HAR DU GLEDE I?



Ein av dei vakre englane i Norheimsund kyrkje.

**Det er viktig å finna kjelda til livsgleda. Den kan finnast mange plasser. Eg finn livsgleda i kyrkja, når kyrkjelyden er samla og i alle dei gode medarbeidarane. Så finn eg glede i nokre hobbyar. Eg spelar trumpet i Voss storband. Så følgjer eg med på fotball. Eg heiar på Brann og på Leeds united. Det gir ikkje alltid same gleda, men det er interessant.**

For eit par år sidan var eg med på eit leiar-kurs. Eit av tema var verdiar, og me skulle setje opp ti ting som var viktige i liva våre. Deretter skulle me rangera dei. Dei sju nederste på rangstigen vart ikkje så nøyaktig plasserte, men når eg nærma meg toppen, måtte eg skjerpa meg. Ikkje minst når eg skulle finna førsteplassen. Når me var ferdige med listene våre skulle me venda oss til ein av deltarane og drøfta rangeringa. Eg delte lister med ein leiar frå Kongsberggruppa. Me hadde mange av dei same verdiane på listene våre. Så delte me førsteplassen og der hadde me det same; familien. Me var samde om at av alt

som var viktig i liva våre var familien det viktigaste.

I møte med juleevangeliet kan me spørja kva Gud har glede i. Englane forkynner det på Betlehemsmarkane; Fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Gud har glede i heile sitt skaparverk og i skaparverket har menneske ein heilt spesiell posisjon. Gud viste dette så tydeleg og konkret då han sjølv kom til oss menneske og vart ein av oss. Menneske hadde så stor plass i Guds hjarte at han ville være i lag med oss som eit menneske. Så viktig er vi for Gud. Han kom for å inkludera oss i fellesskapet med seg.

Mange tenkjer at Gud er så langt borte frå oss. Me kan aldri nå dit Gud er. Men juleevangeliet seier noko anna. Me treng ikkje nå dit Gud er, for Gud har kome til oss. Gud er der som eit nyfødd barn i stallen. Gjetarane skulle få sjå eit tekn: Eit barn som er sveipt og ligg i ei krybbe. Då gjetarane vende attende til flokken sin lova og prisa dei Gud for alt dei hadde

sett og høyrt. Dei hadde høyrt at Gud har si glede i dei. Dei hadde sett det så klårt og konkret. No var hjarta deira fylt av lovsong. Gud hadde si glede i dei og dei hadde si glede i Gud.

I jula kan me også stemma i lovsongen til Gud med alle dei fine julesalmane. Dei fortel kva som hende, at Gud har glede i oss og vil være med oss alle dagar. Han viste det så konkret.

Så til dine verdier og kva du har di glede i. Kan hende du kjenner som eg at familien er der det viktigaste av alt som er viktig i livet ditt. Då har me eit godt høve i jula, med juleevangeliet som føredøme, til å visa våre kjære tydeleg og konkret kor viktige dei er for oss.

Arild Hellesøy

Prost i Hardanger og Voss prosti

